

## **Vedtak: Kriterium for spelemidler - Øygarden kommune**

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak Hovudprinsipp for nye søknader (2025) vil vera:

1. Søknader sendt inn før 2025 vert prioritert høgast.
2. Nye søknader frå og med søknadsåret 2025/26 vert vurdert opp mot målsetnader i samfunnsdelen til kommuneplan for (KPS), strategiplan for kultur, idrett og frivillighet, behovsanalyse for kultur, idrett og fysisk aktivitet, regional og statleg anleggspolitikk.

Spelemidler til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg skal bidra til infrastruktur som gjev befolkninga moglegheit til å driva aktivitet, både i regi av frivillige, medlemsbaserte idrett og gjennom moglegheit for eigenorganisert aktivitet. Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstiller barns behov for fysisk aktivitet i organiserte eller eigenorganiserte formar, vert særskilt prioriterte. Når det gjeld ungdom, er det eit mål å utvikla anlegg som tilfredsstiller ungdommen sine behov for utfordringar og variasjon. Ungdom bør få moglegheit til å medverka i utforminga av anlegg. Anlegga bør stimulera til gode sosiale møteplassar i lokalsamfunna.

Anleggsutviklinga skal bidra til å skapa attraktive lokalsamfunn.

Delmål for anlegg:

- Eit variert tilbod av anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv skal vere tilgjengelege for folk i deira nærmiljø.
- Eit variert tilbod av anlegg for idrett bør vere knytt til skular og anleggsparkar.
- Utvikla anlegg som tilfredsstiller særidrettslege toppidrettsbehov der det kan arrangerast nasjonale og internasjonale meisterskap

3. For søknader motteke same år vert private anlegg prioriterte framfor kommunale anlegg.